



Frantzens gartneri

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1610 - 17/10923

Saksbehandlar:  
Sveinung Kvamme  
sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:  
11.09.2017

## Melding om tildeling av kontrakt - blomster Sak 17/1610

Vi har no avgjort konkurransen, og har bestemt å tildela kontrakt til Blomsterverkstaden AS. Vi beklagar at Frantzen's gartneri ikkje nådde opp denne gongen.

Det var berre Frantzen's og Blomsterverkstaden som leverte tilbod.

I evalueringa har vi gitt tilboda ein karakter frå 0 til 6 under kvart tildelingskriterium. Deretter er karakterane vekta og lagt saman. Den samla karaktergen har gitt grunnlag for rangeringa av tilboda.

Oppsummert ser evalueringa slik ut:

Oppsummering evalueringsarbeid			Frantzen's gartneri		Blomsterverkstaden	
	Vekting	Vektet innefor ramme	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng
Evalueringssrårer	Haldbarheit	30 %	5,00	1,50	6,00	1,80
	Service	30 %	5,60	1,68	5,60	1,68
	Pris	30 %	5,00	1,50	6,00	1,80
	Miljø	10 %	5,00	0,50	6,00	0,60
	100 %					
	<b>Total score</b>		<b>5,18</b>		<b>5,88</b>	
	<b>Rangering</b>		<b>2</b>		<b>1</b>	

I Blomsterverkstaden sitt tilbod er «**holdbarhetsgaranti**» 7 dagar, medan Frantzen's har gitt 5 dagar. Dette har gitt ulik skår.

På **service** har begge tilboda fått same skår.

Iht **pris** har Blomsterverkstaden lågare pris på enkel rose og enkel potteplante, og gratis leveranse på Radøy. Frantzen's har oppgitt to ulike kostnader på levering, men gratis levering til rådhuset. Dette er i matrisa prissett til ein gjennomsnitt verdi pr leveranse. Elles er det nokre mindre skilnader. Samla pris basert på estimerte tal i oppsette er frå Blomsterverkstaden kr 47.750 og Frantzen's gartneri kr 58.550.

På **miljø** har Blomsterverkstaden levert ein noko grundigare beskrivelse av miljøtiltak, og har difor fått skår 6, medan Frantzen's har fått skår 5.

Samla skår og vekting gir såleis skår 5,88 til Blomsterverkstaden og 5,18 til Frantzen's gartneri.

For kontraktar under EØS terskelverdi er det ingen karenperiode, og avtale vil verta signert snarast råd.

Med helsing

Sveinung Kvamme  
økonomisjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Frantzens gartneri